



Kommunal- og Regionaldepartementet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/68 - 17/25154

Saksbehandlar:

Rune Kilen

Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:

06.09.2017

Høyringsuttale - ledningsarbeider i veggrunn

Vi viser til høyringsnotatet «Tiltak for betre koordinering mv. ved planlegging og utførelse av ledningsarbeider i veggrunn – endringer i ledningsforskriften mv.» Vi kjem her med nokre kommentarar til einskilde punkt i notatet.

5 års garanti i samband med gravearbeid er for kort

I § 18 i ledningsforskriften står det mellom anna: «..Garantien må stå i rimelig forhold til omfanget av ledningsarbeidet og skal **normalt** ikkje ha en varighet ut over **fem år** fra arbeidets avslutning.»

Viss «normalt» betyr at det er mogeleg for vegeigar å differensisere garantitiden i høve til tilstanden på vegen, så gir det oss veghaldere ein betre mogelegheit å sikre kvaliteten på arbeidet. Men viss 5 år er ein absolutt verdi er vi ueinig i varigheita på garantitida.



Levetiden for vegdekker på kommunale vegar reknar vi er i snitt 25 år, og vår erfaring er at skadar som følgje av gravearbeid som oftast ikkje kjem før det er gått 7-10 år. Figur 1 visar eit døme på det. Vi snakker her om ein halvering av vegdekket si levetid grunna gravearbeid. Dette utgjør store kostnadstap for kommunen.

Vi er samd i at det ikkje er heimel for å krevje forringelsesgebyr for å sikre kvaliteten på utført gravearbeid.

Figur 1 Følgeskadar på 8 år gammalt gravearbeid. Vegdekket er frå 2005.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



I staden meiner vi at garantitiden bør differensierast etter kor gamal vegdekket er. Sjå tabell under. Dette meiner vi er ein meir rettferdig metode.

Alder vegdekke	Garantitid
< 10 år	10 år
10 – 20 år	5 år
20 – 30 år	3 år
> 30 år	Ingen

Bruk av microtrenching

Vi meiner at metoden microtrenching førebels ikkje er moden nok for framføring av leidningar i veggrunnen av følgjande årsaker:

- Fresing av det 2-3 cm sporet deler i dei fleste tilfelle vegdekket opp i fleire delar, då fresedybden vert djupare enn tjukkeleiken til asfalten. Dette reduserar den lastfordelende eigenskapen til vegdekket.
- Entreprenørane som driv med denne metoden manglar som oftast graveutstyr for å leggje kabelen djupt nok ut i grøfta. Vi har ved fleire høve oppdaga at fiberkabel som er ført ut i grøfta ikkje har nok overdekning. Dette er ein stor utfordring når veghalder skal reinske grøftene.

§ 18 Istandsetting, kostnadsansvar og garanti

Lindås kommunen tar i dag ikkje gebyr for handtering av gravesøknadar. Søknadane vert i dag handsama administrativt med interne ressursar, og vi har til no mangla ressursar til kontroll og oppfølging av gravearbeida. Vi ser det difor som positivt at det no er mogeleg å få dekket utgiftene (selvkost) til oppfølging av gravearbeida i felten. Og vi veit at det er her vi har mest å hente i høve til kvaliteten på gravearbeida.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Dingen
Hogne Haugsdal

Mottakarar:

Kommunal- og
Regionaldepartementet